

VRE-screening (Vancomycin-resistente enterokokkar)

Analysemetode

Bakteriologisk dyrking på spesialmedium. Det er derfor **viktig at problemstillinga VRE vert oppgjeven på rekvisisjonen.**

Indikasjon

Indikasjonar for VRE-screening framgår av [Smittevernveilederen](#) frå Folkehelseinstituttet, og vert her gjengitt forkorta:

- Alle pasientar som i løpet av siste 12 månadar har vore innlagt på helseinstitusjon utafor Norden
- Alle pasientar som har vore innlagt på norske eller nordiske helseinstitusjonar med pågåande VRE-utbrot

Ved funn av VRE bør smittevern/hygienesjukepleiar kontaktast.

Der er ikkje nødvendig å ta kontrollprøve av personar som har fått påvist VRE.

Prøvetaking

Pensel frå rectum på Amies transportmedium.

Avføringsprøve i prøveglas utan tilsetnad kan også nyttast.

Prøvetakingsutstyr

Vanleg bakteriologisk transportmedium:



Avføringsprøve i prøveglas med Cary-Blair-medium:



eller utan tilsetjing:



Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

Haldbarheit

3 døgn. Eldre prøvar kommenterast.

Vurdering i laboratoriet

Ved vekst av presumptive VRE, vert funnet verifisert ved påvising av vanA- og vanB-gen. Desse analysane utførast ved Haukeland Universitetssjukehus.

Forventa analysetid

Negative resultat: 2 arbeidsdagar.

Feilkjelder

Lite prøvemateriale og lang transporttid aukar risikoen for falskt negativt resultat.

Utførast av

Bakteriologisk fagområde

Fagområde

Bakteriologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

31.10.2018 Karina Astrup